


“Brothers in Arms” i Gomerhuset:

Hyllingskonsert til Dire Straits



Brothers in Arms har halde på fire – fem års tid og spelte “Dire Straits” sin musikk. Gitarist Kjetil Strand kallar det eit koseprosjekt oppi ulike andre oppgåver dei syslar med og dei har hatt rundt 10 konsertar rundt omkring. F.v. Kjetil Ingvaldsen, Bjørn Skjelen, Erik James Anderson, Lars Øverås, Kjetil Strand, Sten Even Holstad og Kjetil Myklebust.


Musikkgruppa Dire Straits med gitarist Mark Knopfler i spissen har mange vener og på våre kantar også eit band som har spesialisert seg på deira musikk. Sist fredag hadde dei konsert på Skodje der dei imponerte eit dedikert publikum.

BB • BJØRN STEINAR SKARBØ

Det var rett nok ikkje det store publikummet, men til gjengjeld var det fans av den britiske rockegruppa som starta i 1978 og vart oppløyst i 1995 og nådde høgdepunktet i 1985 med plata “Brothers in Arms” som dagens orkester har teke namn etter.

Brothers in Arms er eit band med muskarar frå Alesund og Haram. Nyss har dei og fått eit medlem i Skodje i og med at bassist Lars Øverås har gjort skodjebygdar av seg; noko han fekk applaus for.

Forsiktig og lægmaalt Dire Straits sin musikk ber sterkt preg av den særdeles dyktige gitaristen Mark Kjetil Strand har den krevjande oppgåva å spele som Mark Knopfler.



Knopfler. Dei gjorde seg og kjent for enkle, forsiktinge; til tider nær sagt litt lægmælte arrangement som gjorde at både song og gitarist kom svært godt fram.

I så måte synes vi nok Brothers in Arms tidvis hadde vel mykje- og kraftig komp og beat om målet var å likne på førebildet. Noko anna vi og reagerte på, er ein vane det verkar som lysfolk har lagt seg til med å leggje musikkarane bak og på sida i mørke; i motsetnad til dei i midten. Det er greitt at ein gjerne

vil setje eit visst fokus på dei sentrale i bandet, men det vert feil å mørklegge dei andre.

Flott konsert

Men alt i alt var det ein flott konsert. Særlig imponerte Kjetil Strand på sologitar som har den krevjande oppgåva å skulle følgje opp Knopfler sine gitarprestasjonar. Elles let vi og sikkert fleire seg imponere av saksofonist Kjetil Ingvaldsen med ein rein, kraftfull og dominerande tone når det høyrde med. Alle dei mest kjende lå-

tane pluss ein del til vart presentert i to avdelingar med serveringspase mellom; noko det verka som publikum sette pris på. Dei kvitterte med ståande applaus og kunne godt tenkt seg meir enn det eine ekstrarummeret dei fekk. Det var til gjengjeld “Money for nothing”.

Og den var vel det planlagde avslutningsnummeret, vil vi tru.



Kjetil Ingvaldsen hadde nokre saksofonalar der verkeleg rank av.

Kulturrkalenderen

Denne veka kjem kulturrkalenderen i sommaravisa

– fredag 17. juni.

Merk dette og send meldingar om arrangement utover sommaren og hausten.

Red.


GILTRENDS MYLDRETTILBUD!

Stort utvalg av

SNO
OF SWEDEN



Vi fører GUESS klokker



Memis smykker

Opptil 70% på utvalgte varer!

Velkommen!

Gull og sølv

Bratnågsenteret • Tlf 70 21 56 10